



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

Vår ref.: /

Dykkar ref.:

Austrheim, 27.mars 2015

## **Prognoseinntak vår 2015**

Vi viser til mottatt informasjon i over nemnde sak og vil gje følgjande kommentarar:

### *Utdanningsprogrammet Bygg og anleggsteknikk*

Både i Vg1 Bygg og anleggsteknikk og Vg2 Byggteknikk tyder søkjartala på ingen av klassane kanskje vert fulle.. Samanslåing med andre klasser fellesfaga er aktuelt og det kan og være aktuelt å slå saman nokre timar i faga prosjekt til fordjuping og produksjon i dei to klassane dersom elevtalet vert for lågt.

**Konklusjon: Skulen ynskjer oppretthalde tilboda på Vg1 og Vg2.**

### *Utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon*

Vi har i dag to Vg1 klassar. Vi er uroa over det låge talet på primærsøklarar. Skulen vil sjå nærare på kva årsaker til dette kan vere.

**Konklusjon: Redusere med ein Vg1 klasse, vidareføre tilboda på Vg2.**

### *Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag /HT gruppe knytt opp mot utdanningsprogrammet RM.*

Det er sju primærsøklarar til Vg1 og to elevar til RMHTA gruppe. Vi ser det som aktuelt at desse to elevane får den praktiske opplæringa i faget produksjon og prosjekt til fordjuping samane med Vg1 elevane. Vi ser og at det kan vere ei føremon å ha litt ledig kapasitet i starten av ei skuleår med tanke på elevar med svakt karaktergrunnlag som står utan skuleplass i haust.

**Konklusjon: Starte opp med Vg1 klasse på RM.**

### *TAF vg1*

Skulen har åtte primærsøklarar, fjorten søklarar har skulen som 2.val. Ei førebels gjennomgang av karakter synes at fire til fem primærsøklarar har gode nok karakterar i 1. termin til å vere aktuelle. I fjor opplevde vi at elevar som fekk tilbod om opplæring i bedrift i Sogn og Fjordane takka nei. For å kunne nytte dei bedriftene vi har avtaler med vil vi i april avklare med aktuelle søklarar kva verksemdar som er aktuelle, samt avklare med Knarvik vidaregåande skule om nokre av søklarane som har skulen som 2.val er aktuelle for oss.

Konklusjon; Vi ber om å få sende ei orientering om TAF tilbod ved skulen i slutten av april ,og at det då vert gjort ei vurdering om vidareføring av tilbodet eller ei

Kjersti Haugland  
rektor